



KYSTVERKET

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref
2021/1858-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
09.03.2021

Fråsegn til regional plan - Bærekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - Vestland fylke

Syner til brev av 27.1.2021 med høyring og offentlig ettersyn av regionalplan for innovasjon og næringsutvikling 2021- 2033, dykkar referanse 2020/74003.

Syner og til vår uttale, datert 20.8.2020, til planprogrammet for planarbeidet.

Regionalplanen sin visjon er «*Nyskapande og berekraftig*», og hovudmålet i planen er «*Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon*»

Planen for innovasjon og næringsutvikling legg vidare til grunn «*Dersom framtidig verdiskaping, eksportverdiar, arbeidsplassar og velstand skal sikrast og utviklast må alle gode krefter i næringsliv, det offentlege, academia og samfunnsaktørar elles jobbe saman om innovasjon på tvers av verdikjeder*». Kystverket støttar denne vurderinga og ynskjer å bidra med kunnskap inn i arbeidet.


Kystverket vil spele inn maritime og marine næringar, hamnestruktur, sjøareal og sjøtransport som viktige tema for innovasjon og at satsing på blå næringar kan gi grøn næringsutvikling.

Norge er ein råvareprodusent. Rundt 94 prosent av godseksporten frå Norge skipas ut sjøvegen, og 75 prosent av godsimporten kjem inn sjøvegen (Kilde: SSB utenrikshandel). Næringar i Vestland fylke står for 30 prosent av Norge sin samla godseksport på sjø og 16 prosent av godsimporten på sjø (Kilde: Nasjonal godsmodell). Sjøtransporten er effektiv gjennom god kapasitet og en desentralisert terminalstruktur med mange kaier. Ser ein på eksport/import pr. transportmiddel for Vestland står sjøtransporten for 98 prosent av godsmengda, mot 2 prosent på veg. Sjøtransporten sitt konkurransefortrinn er å tilby effektiv, sikker og tilgjengelig transport, i hovudsak for å dekke næringslivet sitt behov, med lite negativ miljøpåverknad. Utfordringa blir å styrke og holde på desse fortrinna. Det vert

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



forventa vekst i havnæringane og sjøtransporten i perioden fram mot 2033, samtidig som det vert venta økte effektar av klimaendringane.

Sjøområda er viktig for næringsutvikling med stort potensial for innovasjon. Tilstrekkelige egna sjøareal, samt infrastruktur med sjøvegen i tilknytning til desse områda kan vera avgjerande for utviklinga. Frå eit miljøperspektiv er det viktig å legge til rette for at gods kan gå sjøvegen, I Nasjonal transportplan og Nasjonal havnestrategi er det fokusert på miljøaspektet ved transport av gods. Det vert i Nasjonal havnestrategi lagt vekt på å utvikle robuste hamner som effektive, intermodale knutepunkt for å nå målet om å overføre større del av gods til sjø.

I planarbeidet er hamnene nemnt som knutepunkt mellom sjø- og landtransport. Kystverket vil spele inn at for å få ønska utvikling og styrking av hamnene som transportknutepunkt må det settas av tilstrekkelige og hensiktsmessige areal til framtidsretta og effektiv drift i hamnene, og auka tilrettelegging for næringsverksemd med behov for hamnetenester. Dette vil gjeld både for sjøareal, som ankringsområder og andre liggjeplasser for fartøy, men også deler av landarealet som bak-areal med kai- og lagerområder.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent